

**Protokoll frå årsmøte i
Ryssholmen Båteigarlag
08.04.24 kl. 18.00 – Forsamlingshuset Ljosheim, Ulsteinvik.**

1. Formann i laget, Harald Sætre, ønsker velkommen.
 - 2.1 Harald Sætre samrøystes valt til møteleiar.
 - 2.2 Viggo Brevik samrøystes valt til referent.
 - 2.3 Leif Hallvard Scheide og Kjartan Røyset samrøystes valt til å signere protokoll.
 - 3.1 Innkalling samrøystes godkjent utan merknader.
 - 3.2 Sakliste samrøystes godkjent utan merknader.
 - 4.1 36 medlemmer deltok på årsmøtet.
 - 4.2 Det er for tida 162 betalande medlemmer i laget.
 - 5.1 Årsmelding opplest av Viggo Brevik.
 6. Regnskap gjennomgått av Ole Theodor Hovden der han informerte om momskompensasjon fra Lotteritilsynet
Regnskapet godkjent utan merknader.
 7. Vedtekter. Ingen forslag til handsaming.
 - 8.1. Kontingent for 2024: kr 1000,- Samrøystes
 - 8.2 Båtplassleige 2024:
Plasser over 25 m2 kr 1800,- Samrøystes
Plasser under 25 m2 kr 1600,- Samrøystes
 - 8.3 Timelønn ved arbeid på anlegget for 2023: Skal aukast til kr 200,- Samrøystes
 - 8.4 Godtgjersle til Styret for 2024:
Formann kr 16 000 / år Samrøystes
Nestformann kr 4 000 / år Samrøystes
Kasserar kr 8 000 / år Samrøystes
Sekretær kr 2 000 / år Samrøystes
 - 8.5 Priser 2024 for:
Slipp: kr 50 for medlem / kr 200 ikkje medl. Samrøystes
Slipp naust: kr 300,- + 50/døgn. Samrøystes
Straum: kr 1,5 pr kWh i 2024. Samrøystes
- Styret foreslår å gi 500,- i gebyr samt bort tauing av ulovleg parkerte båtvogner.
Dette på eigars rekning.
- 8.6 Regnskapsfirma Reknehuset AS
Power Office – nettbasert regnskapsprogram Samrøystes

BEHANDLING AV ANDRE SAKER/INNKOMNE FORSLAG

9.1 Oppgradering straum på Nordre Molo.

- Tilbud innhenta HG Elektro
- Estimert mellom 40 000.-og 50 000.- inkl mva
- Tilknytning linja 50 000.-inkl mva

Formann går gjennom sak og ber om innvendinga mot å gjennomføre. Ingen innvendinga og det er beslutta at oppgraderinga gjennomføres.

9.2 Skifte av tak på naustet til Ryssholmen Båteigarlag

Styret foreslår å og reparere skifte tak på naustet.

Tilbud frå byggefag der materiale kjem på ca. 42 265.- (mogleg prisauke)

Arbeidet er estimert til ca. 37 timer.

Kan få medlemmer til og gjere jobben 275.- timen

Noko diskusjon om innkome tilbud og det vart teke opp kven som har ansvaret når båtvogna er utlegd og kva toler vogna. Det vart presisert at båteigar fyller ut skjema og har med det ansvaret sjølv.

Endeleg tilbud på material skal innhentast, ellers ingen innvendingar for oppgradering av naust.

9.3 Oppgradere straum i naustet til Ryssholmen Båteigarlag

Formann informerer om innkome tilbud:

- Ca 20 000,- (inkl. mva)
- Ca 10 000,- i arbeid (inkl. mva)

Ingen innvendingar fra medlemmane. Oppgraderinga vert gjennomført

9.4 Montere rekkverk/autovern på innsida av Søndre Molo

Styret foreslår å montere rekkverk på søndre molo samt framfor parkeringa. Det blir foreslått at medlemmane kan gjere dette på dugnad.

Diverse løysinga på rekkverk vart diskutert og det vart beslutta at det skal innhentast tilbud på diverse løysinga før det vert satt igong noko.

9.5 Utsifting av D-Brygga

Formann informera om at det har kome inn forslag frå medlemmar som eig båt plass på D-Brygga at det bør vurderast å skifte ut heile brygga.

Dette er ikkje noko styret kan avgjere, men båteigarlaget. Det blei beslutta at bryggjeformann på D-Brygga tar initiativ til å samle eigarane av båt plassar på D-Brygga for å diskutere dette.

9.6 Web Kamera for Nordre Molo

Det medfører ikkje ytterlegare kostnadar for lisens av webkameraet. Det blei beslutta å installere web kamera på Nordre Molo.

9.7 Planendring frå Naust til Rorbu

Jørn Skår presenterer saken for Ryssholmen Båteigarlag. Samt ei lita innføring i prosessen og kven som har innverke på avgjersla.

Pål Apelseth presenterer kommunens sitt svar på hans henvendelse til kommuna vedrøyrandes evt. omregulering av naust der han refererte til møte som ein forhands konferanse. Apelseth presisera at han har berre var ute etter å finne svar på moglegheita til ei omregulering.

Mange innspel frå medlemmane om framtidige konsekvensar av omregulering. Freks framleige til turistar som igjen fører til eit «campingplass» virke.

Leif Halvard Scheide foreslår ei avstemming om kvar medlemmane står i saken om planendring frå naust til rorbu.

Det vert lagt fram 3 (tre) alternativ:

1. Ja, eigarane gjer som dei ynskjer med eigendomen.
(12 stemmer)
2. Ja, men med forbehold om å ikkje drive framleige av eigendommen.
(18 stemmer)
3. Nei til omregulering til Rorbu
(9 stemmer)

12. Val.

12.1	Formann	Harald Sætre	Attvalt
12.2	Øvrig Styre:		
	Nestformann	Jørn Skår	Attvalt
	Sekretær	Cato Hansrud (Viggo Brevik går ut av Styret)	Valt
	Kasserar	Ole Theodor Hovden	Attvalt
12.3	2 varamedlemmer:	Tove Svendsen Frank R Djupvik	Samrøystes
12.4	Valnemnd, 2 medl.:	Are O Riise Dagfinn Røsnes	Samrøystes
12.5	Revisor	Are Olav Riise	Samrøystes
12.6	Bryggeformann:		
	A-brygge	Pål Apelseth	Samrøystes
	B-brygge	Idar Dimmen	Samrøystes
	C-brygge	Leif H. Scheide	Samrøystes
	D-brygge	Lindor Skeide	Samrøystes
	E-brygge	Helge Skeide	Samrøystes
	F-brygge	Kjell Inge Skeide	Samrøystes
12.7	Opptreksansvarlig	Nestformann, Jørn Skår	Samrøystes
12.8	Kjøp/salg båtplasser	Formann, Harald Sætre	Samrøystes
12.9	Bryggekart	Berit Cecilie Skeide	Samrøystes

13.1 Frode Vestnes blei trekt ut som vinnar av gratis kontingent for 2024

14. Avslutning

Det vart avslutta med å takke for oppmøte før Johan Gert tok opp ei misnøye på behandlinga av ei sak som han har lagt fram til styret. Saka omhandlar makebyte på gnr 5 brn 2/103 og han meina styret har handla urett. Han nemnar også ei sak som omhandlar støyping av grunn framfor naust.

Møtet heva, ca. klokka 20:45

Referent,


Viggo Brevik


Leif H. Scheide


Kjartan Røyset